

Sak nr 05-20 Godkjenning av avtalar mellom RSS og VØR.

Tilråding til vedtak:

Styret godkjenner avtalane 1 – 13 mellom RSS og VØR for 2020, slik dei ligg føre.

Saksutgreiing:

Innleiing og samandrag:

Styret får årleg framlagt avtalane mellom det heileigde dotterselskapet RSS og VØR. Dette var grundig gjort i 2019, og samtidig underlagt forvaltningsrevisjon, utan at revisor fann noko kritikkverdig.

Vi har derfor gått igjennom avtalane med omsyn til prisregulering denne gangen. Ingen systemgjennomgang.

VØR sin monopolaktivitet er regulert i lovverket med eigen vegleiar frå kommunaldepartementet, i tillegg til at Lov om offentlege anskaffelsar (LOA) set krav til transparens og forbod både mot subsidiering av monopolet og av den konkurranseutsette aktiviteten.

På den andre side har beløpstorleiken i LOA auka siste åra, før kravet om utlysing i Doffin slår inn. Dermed er det i eit lite selskap som vårt, dei færraste kjøp som skal utlysast i Doffin. Kravet om transparens og at der skal vere konkurranse kring kjøp, ligg der likefult.

Saka tar ein gjennomgang av avtalane mellom dotterselskapet RSS og VØR.

Vedlagt saka er rekneark med einingsprisar og utrekningsgrunnlag. Reknearka er unnateke off, då det er ein del av VØR sin forretningsmessige drift.

Avtale 1: Behaldarutleige, henting og levering av restavfall, papp og papir, glasemballasje og matavfall.

Grunnlaget vi fakturerer RSS for, bygger på to fundament. Det eine er ei kontrollrekning av kostnadene våre frå førre år, og korleis vi ventar komande år skal sjå ut i den samanheng. Styringskravet er at kostnadene ikkje kan ligge over det nivået vi fakturerer RSS for. Det blir definert som kryss subsidiering, og er ikkje lov.

Det andre er indeksregulering av prisane knytt til SSB sin prisindeks for renovasjonsbilar. Styret har tidligare sett krav om indeksregulering av prisane frå år til år, og i det ligg det sjølv sagt eit insitament for å halde kostnadene nede.

Hornindal er nytt frå 2020, men der er få næringar som har avtale med RSS.

Detaljane i avtalen bygger på oppteljing av behaldarar VØR tømmer kvar månad. Dette kjem dels frå vektrapportar og dels frå vekentlege bestillingar i køyreordrer som vi sjølve legg ut til sjåførane. Frå februar 2020 vert køyreordrenen heilelektronisk.

Generelt kan ein seie at talet avfallsbeholdarar som VØR tømmer for RSS har variert relativt lite over åra. Med relativt stabilt folketal er det kanskje ikkje så unaturleg. Det nye er beholdarar for glas og metallemballasje og for matavfall, som næringane i liten grad har nytta seg av.

Avtalen er bygt opp etter ein mal, der RSS betalar tredelt. Nedanfor er prinsippa klarlagde.

1. For leige av beholdarar. Det talet er høgre enn tal tømingar, fordi enkelte kundar til RSS har beholdarar som dei samlar avfallet i, og så betalar dei når det vert tømt. Typisk forsamlingslokale som har utleige med åremål, konfirmasjonar og bryllaup. Og som i andre periodar ikkje er i bruk. Eit kolli tilsvarar normalt 100 -120L avfall. Ein 140 L behaldar 1 kolli. Ein 240 L behaldar 2 kolli. Ein 340/360 L behaldar 3 kolli. Og ein 660 L behaldar er 5 kolli.
2. For hentinga. Alle tømingar skal det betalast for. Dei med abonnement betalar, dei med vekt betalar, og dei med variable mengder betalar rekna i kolli. Prisen pr. henting av behaldar kjem fram frå tal tøming delt på total kostnad med drift av bilar inklusiv kapitalkostnad, mannskap og arbeidsleiing.
3. For innhaldet i behaldaren. Her reknar vi ei sjablongvekt om er komen fram frå snittvektene gjennom året. Eksempelvis vil 4.000.000 tonn innsamla avfall fordelt på 500.000 tømingar med restavfall, gi ei snittvekt på 8,0 kg pr. 140 L behaldar. Dette vert multiplisert med kilopris for dei ulike fraksjonane. Tilsvarande har ein for papir, glas og metallemballasje og matavfall.

Styret har tidligare vedteke at disse tala skal indeksregulerast etter SSB sin indeks for toaksla renovasjonsbil . Denne indeksen hadde siste året ein vekst på 4,0 %

Avtale 2. Maskiner og utstyr.

Avtalen er knytt til leige av kvern og hjullastar hos VØR. VØR fakturerer RSS for nesten all bruk av kvern, då den er vår eigedom. Grovkverna er i bruk på trevirke og restavfall til energigjenvinning. Grovkverna avfall har den fordel at vi får redusert transporten ut frå VØR vesentleg. Kverna materiale tar halvparten av plassen i krockasser i samanlikning med ukverna materiale, og gjer at kostnadene og miljøfotavtrykket vert redusert monaleg, sjølv om dette og representera ein kostnad.

Finkverna er i bruk på hageavfallet. VØR har berekna inn kvernekostnaden i den prisen vi tar for levering av hageavfall til VØR frå næring. Finkverna er såleis ikkje utleigd til nokon. Heller ikkje RSS.

RSS på sin side fakturera VØR for avfallsfraksjonane som vert levert gjennom RSS. Dette kjem fram i avtale 9 og 10.

Hjullastaren er i bruk i begge selskapa. Der har vi ein avtale der VØR fakturera RSS kvar månad for eit fast timeforbruk. Vi har hatt ei runde med våre folk på hjullastar, og tilbakemeldinga er at dette forbruket er uendra frå tidligare.

Avtale 3. Leige av bygg og areal.

RSS leiger kontorplass, lagerplass inne, uteareal og plass i sorteringshallar og lagerhallar. Dette arealet er oppmålt og skravert opp på kart, slik at RSS veit at dei har arealet fysisk tilgjengeleg.

I 2015 vedtok representantskapet ein utviklingsplan med mål om 60 % materialgjenvinning innan 2020. Dette vart følgt opp med tilsetting av eigen informasjonsmedarbeidar, og I desember 2017 vedtok kommunestyra nye forskrifter, med innføring av utsortering av matavfall, obligatorisk innsamling av glas og metallemballasje og raud boks for farleg avfall.

Vi kan i dag slå fast at informasjonsinnsatsen og dei nye sorteringsløysingane har endra innbyggjarane sine haldningar til sortering av avfall på få år.

I sum ser vi ei haldningsendring ved at fleire og fleire nyttar miljø og gjenbruksstasjonen til VØR for å sortere avfallet sitt. Det gjeld og næringslivet, der mange har hatt ein tradisjon ved å levere avfallet som restavfall og ikkje noko anna.

VØR og RSS har vorte samde om ei løysing der VØR tar eit påslag for det avfallet som RSS sine kundar leverar i hallen, og fakturerar det månadsvis. Det innførte vi i 2019.

Avtale 4. Farleg avfall

Farleg avfall er ei lovpålagt oppgåve der VØR har mottaksplikt. Det vert levert dels til Franzefoss, Bingsa Næring, Batteriretur og Renor. VØR har eit påslag på det RSS leverar gjennom VØR likt med tidligare. Her ser vi ei utvikling der RSS innafor sin konsesjon leverar meir og meir direkte sjølv.

Avtale 5. Leige av rekneskapsføring vekt med meir.

Leige av rekneskapsføring, med meir. Dette er indeksregulert ved at VØR legg på SSB sitt overslag på venta lønsstigning for komande år. 3,5 %

Avtale 6. Leige av fiber, ASP, og kompensasjon for bruk av kopimaskin lisensar med meir.

VØR har rammeavtalane med fiber, ASP, lisensar med meir. Prisane er regulert i samsvar med venta prisauke.

Avtale 7. Levering av restavfall frå RSS til VØR

Denne følgjer prisutviklinga til mottakar av restavfallet.

Avtale 8. Levering av EPS

Vi deler på rekninga med RSS om levering av EPS to-tre gangar pr år.

Avtale 9, 10 og 11. Levering av grovt restavfall frå VØR til RSS.

Avtalen følgjer avtalen til mottakar av restavfall som var konkurranseutsett i 2016. I tillegg betalar VØR til RSS for ettersortering frå hallen og kverning/ opplasting. Same prinsipp er lagt for trevirke.

Avtale 12. Hageavfall

Avtalen regulerar vilkåra for levering av hageavfall frå næring. Venta prisauke 3,5 %

Avtale 13. Vidarelevering av FA med plussverdiar.

RSS leverar enkelte parti med FA med plussverdi til VØR, som er ferdig emballert og klar til vidareending. Disse betalar vi litt for. Som regel må RSS betale vidare same beløpet til kundane sine.



Petter Bjørdal

Dagleg leiar

Vedlegg:

Rekneark som syner grunnlaget for kvar enkelt avtale. Datert 22.01.20. Unnateke off.l. § 13. andre ledd.